

STATUSRAPPORT




NRK Nynorsk mediesenter

22.06.2020

Vi har lært opp 160 nynorskpraktikantar og 59 prosent av dei arbeider i media. 40,6 prosent er i NRK. 13 prosent arbeider med avis/nett og fem prosent i andre media. Vel 18 prosent arbeider med informasjon, språk og reklame.

2020 byrja godt med at fire tidlegare nynorskpraktikantar har fått fast jobb som journalistar i NRK, ein er fast tilsett som redaksjonssjef i Bergen, ein som journalist i Framtida.no og ein som digital formidlar i Vinje-senteret, Vinje i Telemark.



NRK oppfylte i 2019 det samla kravet om minst 25 prosent nynorsk, men tala for nynorskdelen på NRK.no syner at nettsidene framleis ligg langt bak målet om at kvar fjerde artikkel skal vere på nynorsk.

25 prosent nynorsk krev meir enn skippertak

I 2019 klarte NRK, for fyrste gong, å oppfylle kravet om minst 25 prosent nynorsk. I april i år var det 50 år sidan Stortinget stilte det som krav. Det har teke si tid, og skal nynorskprosenten bli stabil på minst 25 prosent må det til meir enn skippertak. – Då må vi tilsette langt fleire nynorskbrukande journalistar enn vi gjer no. Og vi må la nynorsk vere ein avgjerande kvalifikasjon når tilsettinga står mellom ein nynorsk- og ein bokmålsbrukar, som elles er jamgode, meiner Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Kringkastingssjefen var ein viktig pådrivar for å nå målet om 25 prosent i 2019. Det gjekk ikkje an å oversjå det når han var så tydeleg, og det må han nok vere i mange år enno. Det blei ein meir positiv vind no, og når det vert sett nynorskmål for ulike redaksjonar let det seg måle om dei når måla. Men det er langt att til alle skjønar at

vi må tilsette nynorskbrukarar om vi vil ha minst 25 prosent nynorsk i NRK på jamnen.

NRK Nynorsk mediesenter er NRK sitt tiltak for å rekruttere og lære opp fleire nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Vi har drive i 16 år, og omdømet er godt. – Men det er særslig sjeldan nokon i NRK spør oss om tips om dyktige nynorskbrukarar. Det spørsmålet får vi oftere frå folk utanfor NRK. Stort sett er det vi som masar på redaksjonsleiarane i NRK om vikariat eller fast jobb for dyktige nynorskbrukande journalistar, og vi har sett altfor mange bli «lufta vekk», seier Magni Øvrebotten.

Dei fem siste åra er det distriktskontora og Tyholt som har tilsett folk med bakgrunn frå Nynorsk mediesenter fast. Ingen herifrå har fått fast jobb på Marienlyst etter 2015, om vi ikkje reknar med utanriksjobben i Berlin. Men Roger Sevrin Bruland var alt fast tilsett, og også han hadde også ein lang og kronglete veg før han vart det.

Fem faste journalistjobbar

Fyrste halvåret av 2020 har vore godt med omsyn til fast arbeid for tidlegare nynorskpraktikantar. Fem er fast tilsette som journalistar.



NRK P3 på Tyholt tilsette **Arianrhod Engebø** (biletet, 1994) fast, og ho hadde alt sitt eige program «Arian» på lufta og vart «Årets unge radioprofil 2019». Ho har arbeidd

i NRK P3 sidan ho var der i praksis i 2018. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) hadde praksis i NRK Møre og Romsdal i 2019 og fekk fast jobb i år. **Elise Kvien** (1996) fekk fast arbeid i NRK Vestland, Førde, etter praksis i NRK P3 i 2019 og vikariat i NRK Direkte etterpå. **Marte Iren Noreng Trøen** (1990), fekk fast jobb i NRK Innlandet, Lillehammer. Ho har vore vikar der og i NRK P3 sidan ho var praktikant i 2017. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) har fått fast jobb som journalist på nettstaden Framtida.no. Ho var praktikant i 2018 og vart vikar i Framtida.no same året.



Sølve Rydland er redaksjonssjef for NRK Vestland i Bergen. Foto: Roy Hilmar Svendsen, NRK

Sølve Rydland (biletet, 1984) vart nyleg fast tilsett som redaksjonssjef i NRK Vestland, i Bergen, men har vore vikar i jobben i fleire år. Han var nynorskpraktikant heilt attende til 2006.

Line Omland Eilevstjønn (1993) er journalist i Nationen og byrjar i september som digital formidlar ved Vinje-senteret, Vinje i Telemark. Det er eit nasjonalt senter for dikting og journalistikk, som er under oppbygging. Line Omland Eilevstjønn var nynorskpraktikant i 2015/16 og har arbeidd i NRK Telemark, Vest-Telemark Blad og Nationen etterpå.

«Koronakullet» er snart ferdig

Kull 32 byrja på opplæringa i Førde 6. januar i år, og ho vart ekstra krevjande då koronatiltaka vart sette i verk 12. mars. Det er ikkje lett å lære praktisk redaksjonelt arbeid på heimekontor. Heldigvis fekk dei vere samla i redaksjonen i Førde. Men mange av dei som skulle lære dei noko sat på heimekontor.



Når juni er over er dei ferdige med halvåret som nynorskpraktikantar. Sjur Mikal Dolve har ekstern praksis i NRK Vestland, i Bergen og Astrid-Amalie Hetland i NRK Supernytt. Trine Svanholm Misje i innanriksredaksjonen og Emily Louisa Millan Eide i redaksjonen for kultur og underhaldning, i NRK Nyhende. Guro Brattespe Lahus er i NRK Vestfold og Telemark, i Porsgrunn. Fire av fem har sommarjobb etterpå.

Sjur Mikael Dolve (1999), frå Tørvikbygd i Hardanger: - *Nynorsk mediesenter er det mest lærerike eg har vore med på. Stundom er det både travelt og intensivt, men ein lærer best når ein blir kasta ut i det. Metoden i Førde gir altså ei bratt, men fornuftig læringskurve. Ein har alltid erfarte kollegaer rundt seg, som også er vane med å ha praktikantar i redaksjonen. Det er i tillegg veldig kjekt å ikke vera alleine, men å vera i same båt som fire andre. Nynorsk mediesenter har gitt meg trua på at eg kan satsa på journalistikk.*

Astrid-Amalie Hetland (1999), frå Sandnes i Rogaland: - *Tida som nynorskpraktikant har vore spanande og veldig kjekk! Eg visste verkeleg ikkje kva eg gjekk til då eg reiste til Førde for seks månadar sidan. Det har vore eit intensivt halvår med dagar eg har gledd meg til og dagar eg har vore meir spent på. Heilt frå starten har me blitt kasta ut på oppdrag som har vore langt utanfor komfortsona. Men kvar gong me reiste ut, visste me at redaksjonen hadde tru på oss og tillit til at me ville klara å gjennomføra på eit høgt nok nivå.*

I tillegg har me vore praktikantar under ei krevjande tid med korona og endelause restriksjonar. Tida har gått fort, og det har vore kjekt å sjå litt av kor allsidig denne bransjen kan vera gjennom praksis i Førde og i NRK Supernytt på Marienlyst. Gjennom tida som praktikant har eg lært mykje om både journalistikk og meg sjølv. Eg er glad for at eg fekk denne moglegheita og at eg torde å kasta meg ut i det.

Trine Svanholm Misje (1993), frå Gulen i Sogn: - *Tida som nynorskpraktikant har vore krevjande, utfordrande og, ikkje minst, utruleg spennande. Læringskurva har vore bratt og dagane har vore hektiske. Men for eit kjekt halvår det har vore! Metoden «lære med å gjere det» er ein effektiv måte å lære på. Komfortsona har i alle fall utvida seg betrakteleg. Me har blitt kasta ut i det, men har fått god oppfølging og støtte frå både faglærarar og andre i redaksjonen. Det har vore ein tryggleik i denne oppfølginga, og i samhaldet som har oppstått mellom oss praktikantar.*

Tida i Førde flaug forbi, men gjorde meg godt budd til ekstern praksis i innanriks-redaksjonen på Marienlyst. Her har tida gått minst like fort, og no er det snart tid for å byte ut tittelen «praktikant» med «sommarvikar». Eg er spent på månadane vidare, og er glad eg har denne erfaringa frå Nynorsk mediesenter.

Emily Louisa Millan Eide (1993), frå Ulsteinvik på Sunnmøre: - *Vi har vore så heldige at vi var praktikantar under ein pandemi. Kanskje litt rart å seie, men for ein journalist er det ei spanande utfordring. Det å føle på pulsen då korona-viruset for alvor braut ut, og vere med å formidle denne typen saker, var nytt for meg. Fleire av nyheitene som kom på morgonen var allereie gamle før dei var klare for publisering.*

Etter nokre dagar med korona-nyheiter, kom også behovet for å finne positive vinklingar på pandemien. Har det kome noko godt ut av dette? Samstundes som vi arbeidde iherdig for å finne saker som ikkje var korona-relaterte.

Som ein konsekvens av covid-19 fekk vi endå fleire timer på desken enn vi elles ville ha fått i Førde. Denne praktiske erfaringa har vore gull å ha med seg vidare til Kulturnytt. Her lagar eg saker for alle plattformer. Det har vore eit utruleg lærerikt halvår, og no føler eg meg budd for ein karriere som journalist.

Guro Brattespe Lahus (1993), frå Bø i Telemark: - Opplæringa på Nynorsk mediesenter er noko eg kjem til å vere evig takksam for. Utan tvil. Dagane i Førde var artige, lærerike og intensive med stadig nye utfordringar. Då var det så trygt og godt å ha erfarne kollegaer rundt seg som er vane med praktikantar og viste stor tillit til det arbeidet me gjorde. Dei kasta oss ut i vatnet, men stod klare med livbøya heile tida. Sjølv om praksisen starta samstundes som verda vart stengt har eg aldri lært så mykje i løpet av så kort tid, saman med fire andre praktikantar som ein kunne dele erfaringar med og lære av. Det var gull verdt.

Kor vegen går vidare blir spennande å sjå, men det er ikkje tvil om at Nynorsk mediesenter har opna mange dører, så no er det opp til meg å nytte høvet!

45 søkjarar til kull 33

På grunn av koronatiltaka måtte vi ta inn kull 33 via videokonferanse. Det var 45 søkjarar, og vi hadde elleve til konferanse. Dei fem som kom inn skal byrje på opplæringa i Førde 19. august og blir her til jul. Etter nyttår skal dei i to månaders praksis i andre redaksjonar. Dette er dei fem heldige:



Seline Larsen (1998), frå Måløy, Kinn kommune i Nordfjord. Ho fullfører denne våren ein bachelor i TV-produksjon ved Universitetet i Bergen. I samband med studia hadde ho åtte veker med praksis i NRK Sogn og Fjordane i fjar haust, der ho arbeidde mest som fotograf og redigerar (videojournalist). Men ho fekk også prøve seg på radio og med å skrive nettsaker. Det gav meirsmak, og ho søker Nynorsk mediesenter for å lære seg meir om journalistikk og nynorsk som mediespråk.

Per-Ivar Kvalsvik (1993), frå Kvalsvika, Herøy kommune på Sunnmøre. Han har ein bachelor i jus- og administrasjon ved Høgskulen i Molde. Dei to siste åra har han vore fast tilsett som assisterande avdelingsleiar i Bjarne Øverland AS, som driv med bilutleige for Hertz. Der arbeidde han også i studietida. Kvalsvik skriv i søknaden at han er frå ein familie som har "ein tendens til å ende på talarstolen nesten same kva type tilstelling det er snakk om". Han er oppteken av forteljartradisjonen, er glad i å skive og ynskjer å bli journalist.

Eirin Tjoflot (1994), frå Hovland, Ullensvang kommune i Hardanger. Ho avsluttar denne våren ein master i undervisingsvitenskap, med fordjuping i norsk, ved Høgskulen på Vestlandet. Ho er utdanna grunnskulelærar, med norsk og matematikk som hovudfag, og har arbeidd både i skule og barnehage. Sidan sommaren 2015 har ho vore sommarvikar i Hardanger folkeblad. Tjoflot er aktiv hardingfelespelar og driv som instruktør både i hardingfle og kveding, og CV-en tyder på at ho er eit utprega organisasjonsmenneske.

Lidvard Sandven (1996), frå Øystese, Kvam herad i Hardanger. Han har ein bachelor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen, og enkeltemne i historie. Han har også gått Stand up og revy-linja ved Ringerike folkehøgskule. Sandven har vore sommarvikar i Hordaland folkeblad og arbeidd for Studentradioen i Bergen. Han har vore aktiv i Fagutvalet for samanliknande politikk og Studentersamfunnet, der han har leia møte og vore konferansier på ulike arrangement. Hausten 2019 dreiv han med frivillig, humanitært arbeid på ein barneheim på Filippinane.

Linn Haug Eide (1994), frå Osmundvåg, Kinn kommune, Nordfjord. Ho har ein master i biomedisin frå Universitetet i Bergen. Masteroppgåva handla om "Antistoffresponsar i pasientar med influensainfeksjon og korleis det korrelerer til klinisk sjukdom". I studiet var ho utvekslingsstudent ved University of Sydney, i Australia, der ho fordjupa seg i immunologi, ernæring og human biologi. No er ho vikar som avdelingsingeniør ved Folkehelseinstituttet. Der forskar ho på smittsame sjukdomar, og nett no går det mykje i korona. Tidlegare har ho arbeidd som avdelingsingeniør ved influensasenteret i Helse Bergen. Linn Haug Eide har alltid likt å skrive og gått med ein draum om å bli journalist.

Tek ekstra ansvar for nynorsken

Mediesenteret held fram med nynorskkurs, men vi har og utvikla eit nytt tilbod på nett.



Rune Fossum Lillesvangstu held nynorskkurs saman med Noralv Pedersen. Foto: Sigrid Sørumgard Botheim, NRK

Saman med NRK Vestland har NRK Nynorsk mediesenter teke eit utvida ansvar for nynorsk i NRK. Sidan hausten 2017 har om lag 220 journalistar vore på kurs i korleis dei kan skrive både rett og god nynorsk. Korona-krisa sette ein stoppar for planane om å halde fysiske kurs våren 2020, men i staden utforma Noralv Pedersen og Rune Fossum Lillesvangstu (biletet) ein pedagogisk nynorsk-kviss på nett. Arbeidet vart gjort i samarbeid med språksjef Karoline Riise Kristiansen og sendt ut til alle NRK-tilsette på Workplace. Pedersen og Lillesvangstu tilbyr og webinar med fokus på problemområde som deltakarane har komme over undervegs i nettkvissen.

– Vi håpar dette kan vere eit godt substitutt for dei ordinære kursa, no då koronaen sette ein stoppar for oss. Vi er spente på mottakinga og om det er interesse for eit slikt webinar, seier Lillesvangstu.

Planen er å halde fram med kurs til hausten, der på Sørlandet og Oslo er på ønskelista.

I mai starta NRK Vestland og NRK Nynorsk mediesenter opp ein ny runde med nynorsk fadderordning. Fem journalistar frå NRK P3, NRK Sport, NRK Nyheter og NRK Dok og samfunn er med på ordninga. Dei skal sende fadrane sin minst éin tekst i veka, og fadrane skal inspirere og rettleie. Målet er å skape språkglede og å gjere folk trygge i nynorsk. Det er eitt av fleire tiltak for å bidra til høgare nynorskdel i NRK.

Brit Jorunn Svanes faglærar

For dei to komande kulla med nynorskpraktikantar vert Brit Jorunn Svanes med som faglærar, saman med Rune Fossum Lillesvangstu. - Neste vår må kabalane leggast på nytt, for då vert eg pensjonist i juni, seier Magni Øvrebotten, som har vore leiar for Nynorsk mediesenter sidan starten.



Leiar Magni Øvrebotten (t.h.) saman med dei to faglærarane Brit Jorunn Svanes og Rune Fossum Lillesvangstu.

Foto: Arne Stubhaug, NRK

Frå nyttår 2020 høyrer NRK Nynorsk mediesenter heime i Distriktsdivisjonen (DDIV) i NRK, og sorterer under Region Vest, med Rune Møklebust som leiar. Det vert såleis han som har ansvaret for tilsettingane våren 2021.

Nynorsk mediesenter har dei fyrti åra vore knytt til personal- og administrasjonsdelen av NRK, på Marienlyst. Dei siste åra til Organisasjonsdivisjonen (ODIV). – Men vi kjende meir og meir på at vi måtte nærmare journalistikken og redaksjonane der språket vårt vart brukta. Heldigvis var det forståing for det i NRK og det kjendest som å kome «heim», seier Magni Øvrebotten.

Ho understrekar at det ikkje betyr at nynorsken i NRK no er plassert på Vestlandet. – Frykta for at det skal bli oppfatta slik var til slutt den einaste tvilen eg hadde til om det var rett å flytte frå ODIV til DDIV. Vi skal rekruttere og lære opp folk frå heile landet, som før, og få dei i praksis og arbeid i heile NRK. Det har vi gjort frå Førde i 16 år, i tett samarbeid med NRK-kontoret her, og det held vi fram med, seier Øvrebotten.

Delt mediemålpris til Espen Moe Breivik i VGTV

Alf Helleviks mediemålpris går i år til journalistane Stig Øystein Schmidt og Espen Moe Breivik i VGTV. Prisen vart delt ut på VGTV sin sommarfest i Oslo sentrum 18. juni 2020. Espen Moe Breivik var nynorskpraktikant i 2017 og arbeidde eit år i NRK før han byrja i VG.



Stig Øystein Schmidt (t.v.) og Espen Moe Breivik. Foto: Andreas Røen Pettersen.

Prisen skal gå til yngre faste nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som legg vekt på å dyrka eit normalisert nynorsk talemål. Men også den dialektfarga nynorsken, som kjenneteiknar begge av årets prisvinnarar sitt språk, er det plass til innanfor statuttane.

I juryen si grunngjeving les vi: "Schmidt og Breivik er svært synlege i VGTV, sjølv om dei er ein språkleg minoritet i det store mediehuset. Dei har vore nyskapande i formspråket i ei av dei mest vellukka, digitale TV-satsingane i Noreg. Dei fortel sine korte, fengande TV-historier med ein modig og moderne nynorsk, som appellerer til eit ungt publikum. Dette skjer i eit mediehus som berre unntaksvis slepper til nynorsk i spaltene sine på papir og nett. Prisvinnarane har vist at nynorsk duger, også i VG. Nynorsken deira ser ikkje ut å hindra at bodskapen når ut til publikum, heller til dei unge."

Juryen honorerer årets prisvinnarar for jobben dei gjer for å synleggjera nynorsken i VGTV. Dei vil og skryta av sjefane deira som har satsa på desse nynorske journalistane.

I juryen sit tidlegare journalist og redaktør i NRK, Sigvart Østrem, dagleg leiar i Norsk fjordhestsenter, Magni Hjertenes Flyum, og redaksjonsleiar i NRK Sporten, Geirmund Henjum. Alf Helleviks mediemålpris er på 25.000 kroner og vart oppretta i 1998.

Nynorsk journalistpris til Eivind Molde

Utanriksreporter Eivind Molde i NRK er årets vinnar av Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar for 2020. Det var ein svært overraska prisvinnar som fredag 5. juni fekk prisen tildelt på NRK Marienlyst i Oslo. – Tusen tusen takk, dette var utruleg overraskande, sa Eivind Molde då han forstod at han fekk prisen.



Eivind Molde (t.v.), Solveig Barstad og Inger Johanne Sæterbakk. Foto: Karoline Riise Kristiansen, NRK

- I 2019 innfridde NRK, for fyrste gong, stortingsvedtaket frå 1970 om minst 25 prosent nynorsk i NRK. For å nå det målet har NRK drege vekslar på eit solid grunnfjell av nynorskbrukande journalistar i NRK, og Eivind Molde er i høgste grad ein del av det grunnfjellet, heiter det i fråsegna frå juryen.

– Det som har vore viktig for meg, anten om folk sit på bussen med ei propp i øyret, les oss på nrk.no eller ser oss på tv, er at folk forstår oss i NRK, sa Molde vidare.

Tryggare enn ordboka

– Prisvinnaren er ikkje av dei som stikk seg fram i utrengsmål. I over 30 år har denne smålåtne sogningen likevel gjort ein uvurderleg innsats for god journalistikk på nynorsk og godt språk generelt i NRK. Eivind Molde brukar eit klart og tydeleg språk og set nynorsk normaltalemål i høgsetet. Han lagar stoff til alle plattformer og har ei særleg evne til å framstille vanskelege forhold på ein enkel og forståeleg måte for den jamne lyttar, sjåar og lesar, skriv juryen.

– Eivind er tryggare enn ordboka, sa nyheitsdirektør Helje Solberg i sin tale under tildelinga.

– Jobben din har teke deg rundt heile kloden, ja faktisk til Antarktis. Klimajournalistikken din har sett tydelege spor. Det er fint at denne prisen går ikkje berre til ein god journalist, men til ein som hjelper andre. Folk som må gjere seg forstått i kuling og regn, som må stå støtt. Det gjer du, sa Solberg til prisvinnaren.



Foredøme for andre

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er på 75.000 kroner og eit kunstverk. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, og som er eit føredøme for andre. I år kom det inn 36 framlegg om 26 namn og kunstverket som følgde prisen i år var eit trykk av grafikaren Karen Helga Maurstig. Det var juryleiar Solveig Barstad og jurymedlem Inger Johanne Sæterbakk som møtte opp i NRK med prisen. I tillegg til dei er Øystein A. Vangsnes med i juryen.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. juni 2020 har vi sendt frå oss 160 nynorskpraktikantar, og 59 prosent av dei arbeider i media. 40,6 prosent arbeider i NRK. 13 prosent arbeider med avis/nett og fem prosent i andre media (TV 2, Radio 1 og frilans). Utanom media arbeider vel 18 prosent med informasjon, språk og reklame.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK P3, Ekko i P2, Kveldsåpent og Nattradioen i P1.

Vidare er det tidlegare praktikantar ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark og Oppland.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som til dømes er nyhendeanker i TV2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, og journalistar i VG, Vest-Telemark Blad, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Telemarksavisa og Drammens Tidende.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving og reklame i til dømes: Språkrådet, Allkunne, Valdirektoratet, Røde Kors, Barne- og familiedepartementet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag, PR-operatørene, osb.



Utanrikskorrespondent Roger Sevrin Bruland på jobb i Italia under koronakrisa.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 31: 19. august 2019 – 29. februar 2020.



Elias Håvarstein (1996) vikar i NRK Rogaland, **Oda Elise Svelstad** (1993) vikar i kultur og underhaldning i NRK Nyhende, **Lars Volldal** (1987) frilansar, **Vilde Gjerd Lied** (1995) vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende og **Hans Ivar Moss Kolseth** (1995) vikar i NRK.no

KULL 30: 3. januar – 30. juni 2019



Tonje Noreng Trøen (1992) er fast tilsett som journalist i Firda, **Ragnhild Voreland** (1995) er presse- og informasjonsoffiser på Haakonsvern, **Idunn Lavik** (1995) vikar i NRK Direkte, **Ola Weel Skram** (1991) vikar i NRK Vestland, i Førde og **Magnus Helle** (1995) vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende.

Kull 29: 20. august 2018 – 28. februar 2019



Ida Yasin Andersen (1992), skal vere sommarvikar i redaksjonen for kultur og underhaldning i NRK Nyhende, og er attende i vikariat i NRK Vestland, i Bergen, frå hausten av. **Birgitte Vågnes Bakken** (1993) er vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende, **Elise Kvien** (1996) er fast tilsett i NRK Vestland, i Førde. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) er fast tilsett i NRK Møre og Romsdal og **Ingvild Eide Leirfall** (1993) er vikar i Framtida.no.

Kull 28: 3. januar – 30. juni 2018



Anders Martin Helle (1994) er vikar som videojournalist i NRK i Drammen. **Turid Astrid Reksten** (1983) er feltprest i Forsvaret. **Sigrid Sivertsen Haugan** (1994) kommunikasjonsrådgjevar for Bydelsmødre, ein organisasjon for brubygging mellom det offentlege og minoritetskvinner. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) er fast tilsett journalist i Framtida.no. **Fredrik Johan Helland** (1990) er fast tilsett i NRK Vestland, i Førde.

Kull 27: 21. august 2017 – 28. februar 2018



Arianrhod Engebø (1993) er fast tilsett i NRK P3. **Synne Ulltang** (1989) studerer koreansk i Sør-Korea. **Borghild Andersdotter Vevle** (1993) er forskulelærar. **Linda Watten** (1994) er vikar på nettstaden Porten.no og **Ådne Sandvik Dyrnesli** (1993) er frilansfotograf.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Hilde Thoresen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide..

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjrar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.